

Søknad om «Redusert foreldrebetaling» og/eller «Gratis kjernetid for 2-5-åringar» i barnehagane i Vindafjord kommune. Barnehageåret 2019-2020.

Søknaden gjeld

 Redusert foreldrebetaling Gratis kjernetid**Føresett 1:**

Namn Personnummer

Gateadresse Epost-adresse

Postnr/stad Mobil/tlf nr

Sivilstatus Gift Einsleg

Sambuarar med felles barn Sambuarar 12 av dei siste 18 månader

Føresett 2 (ektefelle/sambuar) med same adresse:

Namn Personnummer

Born med barnehageplass:

Namn Personnummer

Namn Personnummer

Namn Personnummer

Namn på barnehage:

Skattepliktige kapital- og personinntekter til hushaldninga:

	Føresett 1:	Føresett 2:
Frå sjølvmeldinga	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Ikkje ført opp i sjølvmeldinga	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Samla skattepliktig kapital- og personinntekt i hushaldninga	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Stad/dato:	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Underskrift:	<input type="text"/>	<input type="text"/>

Redusert betaling.

Regjeringa innførte frå 1. mai 2015 ei nasjonal ordning som sikrar at ingen hushaldningar skal betale meir enn seks prosent av inntekta for ein barnehageplass. Foreldre som har rett til redusert sats etter dei nasjonale reglane, må søkje om dette. For 2019-2020 gjeld ordninga for hushaldningar med ei samla inntekt som er lågare enn 541 500 kroner pr. år. Det er kommunen der barnet er folkeregistrert som skal handsame søknader om reduksjon.

Gratis kjernetid for to-, tre-, fire- og femåringar.

Frå 1. august 2019 har alle to-, tre-, fire- og femåringar, og barn med utsett skulestart, som bur i hushaldningar med låg inntekt, rett til å få 20 timar gratis opphaldstid i barnehage pr. veke. For barnehageåret 2019-2020 gjeld dette for hushaldningar som har ei samla inntekt på mindre enn 548 500 kroner pr. år. Det er kommunen der barnet er folkeregistrert som skal handsame søknader.

Inntekter som skal reknast med.

Foreldrebetaling vert rekna ut frå den samla skattepliktige kapital- og personinntekta til hushaldninga. Ektefeller, registrerte partnerar og sambuarar vert rekna som ei hushaldning. Som sambuarar vert rekna to ugifte personar over 18 år som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei siste 18 månadene, eller har felles barn. Bur eit barn fast hos begge foreldra, skal foreldrebetalinga reknast ut frå inntekta i hushaldninga der barnet er folkeregistrert.

Dokumentasjon vert levert saman med søknaden.

Sjølvmelding(ane) vert lagt ved søknaden som dokumentasjon. Dersom ikkje alt er registrert på sjølvmeldinga av skattepliktig person- eller kapitalinntekt, er søkjar pliktig til å opplyse om dette ved søknad. Dersom søkjar ikkje kan legge fram sjølvmelding, til dømes på grunn av kort butid i landet, kan søkjar leggje fram anna dokumentasjon på inntekt. Kommunen gjer ei individuell skjønnsvurdering.

Når inntekta er endra frå året før.

Søkjar kan leggje fram anna dokumentasjon for inntekt, eller søkje gjennom året, dersom det er vesentleg og varig endring i inntekta til hushaldninga. Vesentleg og varig endring kan t.d. vere tap av inntekt som følgje av langvarig arbeidsløyse, endring i samansetning av hushaldninga, eller liknande.

Søskenmoderasjon.

Dersom hushaldninga har fleire barn i barnehage, har dei krav på søskenmoderasjon. For barn nummer to er prisreduksjonen 30% av det som vert betalt for det første barnet. For det tredje barnet og oppover er prisreduksjonen 50% av det dei betaler for første barn.

Søknadsprosessen.

Hushaldninga kan søkje om redusert betaling uavhengig om barnet går i kommunal eller privat barnehage. Barnet må ha stadfesta plass i barnehagen, og hushaldninga må ha ei faktisk utgift til barnehageplassen.

Som hovudregel skal søknaden vare for eitt barnehageår om gangen. Dersom det er vesentlege og varige endring i inntekt gjennom barnehageåret, vert det høve til å søkje fortløpande. Reduksjon vert innvilga i påfølgjande månad. Dersom rekning er fakturert, skal ein betale sjølv om prisreduksjon er innvilga. Prisreduksjon vert trekt frå på neste faktura.

Søknadsfrist for barnehageåret 2019-2020: 17. juni 2019

Søknad med vedlegg skal sendast til:

Vindafjord kommune
Økonomiavdelinga
Rådhusplassen 1
5580 Ølen